

Rapport Openheitslova 2025

for Luster Sparebank



Innhald

Verksemnda	3
Utgangspunkt for rapporten	3
Bankens verksemrd	3
LB selskapet	4
Vår tilnærming til openheitslova.....	4
Funn.....	5
Tiltak og vidare arbeid.....	6
Kontaktinformasjon.....	8

Verksemnda

Utgangspunkt for rapporten

Openheitslova¹ trådde i kraft 1. juli 2022. Den pålegg verksemder å utføra aktsemdvurderingar for å kunne stansa, førebygga og avgrensa negative konsekvensar for grunnleggjande menneskerettar og sømelege arbeidsforhold. Dette verkar inn på både eigen organisasjon og på verksemda sine leverandørar og forretningspartnarar.

Dette er ei utgreiing som inneholder aktsemdvurderingar av banken sine eigne leverandørar og fellesleverandørar i Lokalbanksamarbeidet.

Bankens verksem

Luster Sparebank er ein lokal og sjølvstendig sparebank som vart skipa i 1848 og består av 28 tilsette. Banken har utarbeida etiske retningslinjer som alle tilsette gjennomgår årleg. Desse retningslinjene skal syta for at banken si drift er ærleg og tillitsvekkjande og i tråd med dei lover, forskrifter og normer som elles gjeld i samfunnet. Banken har eit varslingssystem der tilsette og andre interessentar kan rapportere brot på menneskerettar eller därlege arbeidsforhold. Varslingssystemet er utforma for å sikre konfidensialitet, rettferdigheit og ei uavhengig behandling av rapporterte saker. Det er utarbeida eiga personalhandbok og HMS handbok for dei tilsette, som er lokalt tilpassa og med oppdatert lovverk. Banken er medlem av Bedriftshelse 1, bedriftshelsetenesta gjennomfører med blant anna helsekontroll/helsesamtale. Det blir gjennomført medarbeidarundersøking med leiar kvart år. Banken har verneombod, som saman med banksjef gjennomfører vernerunde kvart år. Verneombodet ivaretakar arbeidstakars interesser i saker som gjeld arbeidsmiljøet, og at arbeidet blir utført på ein slik måte at hensynet til arbeidstakars sikkerheit, helse og velferd er ivaretaken. Dei tillitsvalde i Luster Sparebank og leiinga har inngått bedriftsavtale.

Det er ikkje avdekka brot på arbeids- og menneskerettar i Luster Sparebank. Det har ikkje vore varslingssaker og dei årlege medarbeidarundersøkingane viser tilfredsheit blant dei tilsette. Videre er lønns- og arbeidsvilkåra i samsvar med nasjonale standardar som tyder på rettferdig behandling. Det er ikkje mottatt klager frå kundar, tilsette eller andre interessantar om diskriminerande praksis eller urettferdige arbeidsforhold.


Risikoene for potensielle negative konsekvensar eller brot på grunnleggjande menneskerettar eller sømelege arbeidsforhold i Luster Sparebank er vurdert som låg. Bankens styringsdokument, interne retningslinjer og etablerte kontrollsysteem bidreg til å begrense, identifisere og handtere moglege risikoar.

Det er utarbeida ei rutine knytt til korleis banken handterer Openheitslova. Hovudelementa i rutinen er gjengjeve i punkta 3.2 til 3.4. Når det gjeld organisering, er det banksjef som har det overordna ansvaret knytt til Openheitslova. Banksjef skal i tillegg svara ut eventuelle førespurnader som banken mottek.

¹ Lov om virksomheters åpenhet og arbeid med grunnleggende menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2021-06-18-99>.

LB selskapet

LB Selskapet AS er organisert som eit aksjeselskap, og er eit felles initiativ eigd av dei 16 medlemsbankane i Lokalbanksamarbeidet. Medlemsbankane er Askim & Spydeberg Sparebank, Drangedal Sparebank, Flekkefjord Sparebank, Lillesands Sparebank, Luster Sparebank, Nidaros Sparebank, Selbu Sparebank, Sparebanken 68° Nord, Sparebanken DIN, Spareskillingsbanken, Stadsbygd Sparebank, Søgne og Greipstad Sparebank, Tolga-Os Sparebank, Voss Sparebank, Ørland Sparebank og Aasen Sparebank.



Hovedformålet med selskapet er å styrke bankanes konkurransekraft gjennom felles innkjøp, samarbeid og utvikling. LB Selskapet er lokalisert i Trondheim, Bergen og Haugesund.

Selskapet er organisert i ulike fagområder, herunder kreditt, virksomhetsstyring, finansielle risikoer, virksomhets-/risikostyring/etterlevelse, IT/teknologi og forretningsstøtte.

Vår tilnærming til openheitslova

Praksis for vurdering av leverandørar

Luster Sparebank sitt arbeid med ansvarleg forretningsdrift i leverandørkjeda har fram til juni 2025 i hovudsak omfatta kartlegging av leverandørar og samarbeidspartnalar, samt utarbeiding av eit spørjeskjema for innhenting av informasjon frå desse aktørane.

Utforminga av spørjeskjema og scoringsmodell har vore organisert gjennom ei arbeidsgruppe, og har forankring i Lokalbanksamarbeidet.

Kartlegginga tek utgangspunkt i ein fullstendig oversikt over banken sine leverandørar. Det vert gjennomført ei heilskapleg vurdering, der seleksjonen vert basert på faktorar som volum, omsetnad og bransjetilhørsle. Leverandørar som i føregåande år har svart på førespurnaden, og som er vurderte til låg risiko, vert ikkje kartlagde på nytt året etter. Leverandørar med moderat eller høg risiko, samt dei med størst avtaleomfang, vert

kartlagde jamleg – og minst årleg. Uavhengig av desse kriterium, skal alle leverandørar som eit minimum vurderast innan treårsintervall.

Ei oppdatert utgreiing om arbeidet med aktsemdunderingar vert publisert innan 30. juni kvart år og skal behandlast i styret til Luster Sparebank.

For leverandørane som er kartlagde i 2025, er det gjennomført ei grundig vurdering av risikoscore og utfyllande svar, med ei samla fagleg vurdering som resultat. I tilfelle der leverandørar har vist til eigne heimesider eller offentleg publiserte utgreiingar, er det også gjort ei vurdering av dette materialet.

Scoringsmodell

Scoringsmodellen tildeler kvar leverandør ein totalscore basert på dei innsendte spørjeskjema-svara. Risikonivået vert deretter klassifisert etter ein trafikklysmodell, som følgjer:

- **Grøn:** Låg risiko
- **Gul:** Moderat risiko
- **Raud:** Høg risiko

Modellen fungerer som eit indikativt verktøy for vurdering av leverandøren si risikoprofil. I tillegg vert det gjennomført ei kvalitativ vurdering av respondentens utfyllande svar. Ei kjend avgrensing ved modellen er at mindre leverandørar ofte kjem ufordelaktig ut. Dette er søkt kompensert for ved justeringar i modellen og ved at alle spørsmål inneholder kommentarfelt.

Det vert òg alltid gjennomført ei manuell vurdering som kan overstyre den automatiserte risikoscoren, særleg i tilfelle der standardmodellen ikkje i tilstrekkeleg grad reflekterer reelle tilhøve. Likevel vert det vurdert som naudsynt å gjennomføre ei overordna evaluering av både datainnsamlingsmetodikk og poenggrenser i scoringsmodellen.

Svarprosent

Spørjeundersøkinga vart sendt ut til 36 leverandørar og forretningspartnerar. Den totale svarprosenten er 72 %. Denne omfattar både innsendte skjema og tilfelle der leverandørar har vist til publiserte utgreiingar eller eigne nettsider knytte til oppfølging av Openheitslova.

Vi arbeider kontinuerleg for å auke svarprosenten i kommande rapportering. Eit sentralt tiltak for å oppnå dette er tettare og meir målretta oppfølging av leverandørar.

Funn

Avdekte faktiske negative konsekvensar

Det er ikkje identifisert faktiske negative konsekvensar knytt til grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsvilkår i kartleggingsprosessen som er skildra ovanfor – verken i eiga verksemد eller i leverandørkjeda. Det er likevel avdekt enkelte

leverandørtihøve som krev nærmere oppfølging i den vidare prosessen. Desse tilfella knyter seg i hovudsak til mangelfulle svar eller relasjoner til høgrisikoland eller -bransjar.

Det vil framleis verte gjort løpande vurderingar av om metodikk og tilnærming er tilstrekkeleg for å avdekkje negative konsekvensar i eiga verksemd og i leverandørkjeda.

Vesentleg risiko for negative konsekvensar

Etter ei overordna risikovurdering vert det vurdert som låg risiko for at Luster Sparebank har forretningspartnarar og leverandørar med brot på menneskerettar eller anstendige arbeidsvilkår. Verksemda opererer hovudsakleg nasjonalt og regionalt, noko som inneber kortare leverandørkjeder og lågare geografisk risiko. Mange av avtalepartnarane er baserte i Noreg, underlagt arbeidstakar- og forbrukarvennleg lovgiving og offentlege tilsynsorgan.

Likevel vert det rekna som viktig å gjennomføre grundige risikovurderingar og å sikre tilstrekkeleg oppfølging av alle leverandørar.

Undersøkingane viser at enkelte leverandørar og forretningspartnarar har tilknyting til høgrisikoland. På bakgrunn av geografisk risiko inneber dette auka sannsyn for brot på menneskerettar og anstendige arbeidsvilkår, til dømes grunna svakt regelverk eller autoritære styresett. Fleire leverandørar er òg knytte til produksjon av kontorrekvisita og IKT-utstyr, der råvarer og komponentar ofte stammar frå slike område.

Vidare nyttar banken tenester knytte til drift og vedlikehald av eigedommar, mellom anna reinhald. Basert på bransjespesifikk risiko vert dette vurdert som eit område med auka risiko for negative konsekvensar, særleg knytt til arbeidsvilkår. Dette representerer eit felt der banken har stor moglegheit til å påverke, og det er difor definert som eit prioritert område i det vidare arbeidet.

Samarbeidsleverandørar og lokale leverandørar

Bankane samarbeider med LB Selskapet om felles leverandørar, men det er den ansvarlege for ESG og risikostyring i LB Selskapet som har det overordna ansvaret for oppfølginga av samarbeidsleverandørane. Lokale leverandørar blir følgde opp av den respektive banken, der berekraftsansvarleg har eit særskilt ansvar.

Tiltak og vidare arbeid

Leverandørar og forretningspartnarar som ikkje har svart på førespurnaden vår, vil verta følgde opp. Det same gjeld respondentar med låg score som banken vurderer det er behov for ytterlegare oppfølging. Målet er primært å etablere god samhandling og open dialog med desse aktørane, for å oppnå tilfredsstillande innsikt i deira aktsemdsvurderingar. I ytterste konsekvens kan det verte vurdert om samarbeidet skal vidareførast.

Ved framtidige avtaleinngåingar vil Luster Sparebank og LB Selskapet krevje at leverandørane avgjev eigenerklæring, og det er eit mål at alle leverandørar vert gjort kjend med banken sine etiske retningslinjer. Etiske retningslinjer for leverandørar og

forretningspartnarar (Supplier Code of Conduct) er under utarbeiding, og planlagt ferdigstilt i løpet av 2025.

Selskapet skal definere meir tydelege rutinar for oppfølging av leverandørar, i tillegg til jamleg oppdatering av leverandøroversikter for å sikre korrekte opplysningar og kontaktinformasjon.

Arbeidet med utvikling av metode og struktur for rapportering etter Openheitslova er framleis i ein tidleg fase. Det er erkjenning for at det ligg eit forbettingspotensial her, og det vil difor verte retta særleg innsats mot å forbetre datainnsamling og rapportering i forkant av neste års utgreiing.


Konkrete forbettingsområde

1. Kontinuerleg tilnærming

Så langt har arbeidet med Openheitslova i stor grad vore konsentrert til perioden mellom januar og juni. Målet framover er å organisere dette som ein kontinuerleg prosess, mellom anna ved å knyte det til eit årshjul og forankre praksisen tettare i OECD si rettleiar for aktsemduvurderingar. Ein slik struktur vil leggje til rette for auka fokus, betre forankring og kontinuitet.

Kontinuerlege aktsemduvurderingar kan avdekkje endringar i risikobildet. Det er rimeleg å anta at det skjer endringar i leverandørkjeda mellom dei årlege rapporteringane. Dette understrekar viktigheita av kontinuerleg oppfølging, slik at banken raskt kan identifisere og handtere vesentlege endringar. Dette kan òg danne grunnlag for hyppigare oppdatering av utgreiinga enn berre éin gong per år.

Forventa resultat av desse tiltaka er betre innsikt i leverandørkjeda og betre grunnlag for vurderingar av forretningspartnarar. I tillegg er målet at arbeidet med Openheitslova vert styrkt og betre forankra i verksemda til Luster Sparebank.



Aksomhetsvurderingsprosessen og medfølgende støttetiltak.

Kilde: OECDs veileder for aksomhetsvurderinger for ansvarlig næringsliv.

2. Tydelegare risikobasert tilnærming

Det er eit mål å i større grad integrere ein risikobasert tilnærming i kartlegginga av leverandørar. Det skal difor utarbeidast risikomatriser som grunnlag for å styre førespurnader og innsats mot dei områda i verdikjeda som har størst risiko for negative konsekvensar. Undersøkingane våre skal såleis bli meir treffsikre. I dette arbeidet skal anerkjende risikokjelder ligge til grunn.

Forventa resultat av tiltaket er betre innsikt i kva delar av verdikjeda som har størst risiko for brot på menneskerettar og anstendige arbeidsvilkår. Dette vil igjen mogleggjera ei meir målretta innsats mot dei mest utsette områda og gje undersøkingane meir effektive og relevante

Avsluttande merknader

Denne rapporten er behandla og vedtatt i styret 20.juni.2025

Kontaktinformasjon

Eventuelle førespurnader knytte til denne utgriinga, eller til vårt arbeid med menneskerettar og anstendige arbeidsvilkår, kan rettast til:

Hanne Teigen

Leiar risikostyring og compliance, berekraftsansvarleg

Luster Sparebank
Telefon: 57 68 23 33
E-post: hanne.teigen@luster-sparebank.no